

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Lyanvin

Emne: vassel

Bygdelag:

Oppskr. av: Jon Haukanes

Gard:

(adresse): Folkedal

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle, eller eigirøynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):  
Lerav og gardmann i 51 år - er no 79 år

## SVAR

Alle bar vatn i bytter av tre fyrvikidi og hadde to bytter hangande i vassel der låg doers over akslerne, med uthold opning for hals og aksler. Byttono hekk etter vidjer opphavelag, med tre krokar um bytdefaten. No brukast jern til lekkjev og krokar. Edles er det no fleire som skjøte hev vassel og lise av tre bytter. Umlag 1890 byrja dei litt um sein med bruk av sinkbytter og sidan 1900 anlegg av vasselringar-springvatn. Det er no umlag på kvar gard og kjø dei fleste kuseigarar.

Spørsmål 2 og 3-er ikkjendte hev.

Alle under 4 nemnde personar bar vatn; var vegen kort, so bar kona jammast vatnet.

Til 5. Det galdt alle bestader. I Lyanvin berre att 1 kusemann. I tidli 1800-1865 var her fleire kusemenn og strandsetjarar enn gardmenn.

b. Um vintrene hev ein kjøst vatn til gards, ofte lange vegar, derleg siste peter då det var slik hardfrost. Alle vasselringar klaka; vart upptinte med elektrisk apparat

men fraus til att. På Haukanes var ei upp-  
komhjelda ved husi som ekkje fraus.

7. Solager som fyrr nemnd innlagt  
springvatn i husi, bade til kjøken, flar og  
fjos. Til kreaturi og fleire stader innlagt flik  
hekar, so dei far vatn sjolve ved å trykkja  
på karet med mulen.

Med ynskjetvisten hev dei søkt  
etter gode oppkomor. Her dei fyrr hadde  
vasspomper med handkraft, brukar dei  
no elektrisk pomping. Bygdi hev elektrisk  
kraftverk med leidingar til umlag kvar  
gard. Krafti vert og brukt til plagagharo  
og omor trekking, s. d. trekking av kersoyke,  
jamvel til fjells.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING  
adr. NORSK FOLKEMUSEUM 508  
BYGDØY

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Granvin

Emne: vassel

Bygdelag:

Oppskr. av: Jon Haukanes

Gard:

(adresse): Folkedal

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. **etter eigi røynsla.**B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):  
**lærer og gardmann i 51 år- er no 79 år**

## SVAR

Alle bar vatn i byttor av tre fyrr i tidi og hadde 2 byttor hangande i vassel der låg tvers over akslene, med uthola opning for hals og aksler. Byttone hekk etter vidjer opphaveleg, med trekrokar um byttefaten. No brukast jarn til lekkjer og krøkar. Elles er det no fleire som ikkje hev vassel, og lite av trebyttor. Umlag 1890 byrja dei litt um senn med bruk av sinkbyttor og sidan 1900 anlegg av vassleidingar- springvatn. Det er no umlag på kvar gard og hjå dei fleste huseigarar.

Spursmål 2 og 3- er ukjendt her.

Alle under 4 nemnde personar bar vatn, var vegen kort, so bar kona jamnast vatnet.

Til 5. Det galdt alle bustader. I Granvin berre att 1 husmann. I tidi 1800-1865 var her fleire husmenn og strandsitjarar enn gardmenn.

6. Um vintrane hev ein køyrt vatn til gards, ofte lange vegar, serleg siste veter då det var slik hardfrost. Alle vassleidingar klaka; vart upptinte med elektrisk aparat men fraus til att. På Haukanes var ei oppkømkjelda ved husi som ikkje fraus.

7. Idag er som fyrr nemnd innlagt springvatn i husi, både til kjøken, flor og fjøs. Til kreturi er fleire stader innlagt drikkekar, so dei fær vatn sjølve ved å trykkja på karet med mulen. Med ynskjekvisten hev dei søkt etter gode oppkomor. Der dei fyrr hadde vasspomper med handkraft, brukar dei no elektrisk pomping. Bygdi hev elektrisk kraftverk med leidingar til umlag kvar gard. Krafti vert og brukt til plog og horv og onnor trekking, t.d. trekking av husvyrke, jamvel til fjells.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

adr. NORSK FOLKEMUSEUM 508

BYGDØY

Avskrift rekket L. Aall.

*Flord. Granvin*

I samarbeid med  
KULTURGEOGRAFISK REGISTRERING  
PÅ VESTLANDET


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING  
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM  
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på sama ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret hekk på stonga bak ryggen åt den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på båtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det?

*Her ikkje kjøpt noko slekti Granvin  
Jon Haukanes*



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel? *nei.*

Har ein bruka kumøkk til brensel? *nei, men eg hev kjøpt et dei for lenge sidan oaska i vatn hestemjølk til kvefja.*  
*Hestemjølk ikkje så fint material eller kjøpt som dei*

*Jon Haukanes.*

2042

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING